

A dark blue vertical bar on the left side of the page. A blue arrow-shaped graphic points to the right from the bar, containing the date.

18.02.2021

Retningslinjer for bruk av ordførarkjede

Vedteke av kommunestyret xx.xx.21

A decorative graphic in the bottom left corner consisting of several overlapping, curved lines in shades of blue and grey, resembling a stylized plant or abstract pattern.

Sogndal kommune sine retningslinjer for bruk av ordførarkjede

§ 1

Kjede kan bli boren av den valde ordførar og varaordførar når denne fungerer som ordførar.

§ 2 a)

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga.

Intensjonen er at ordførarkjede skal symbolisere verdigheita til kommunen sin fremste representant i utøvinga av si gjerning som ordførar i høgtidelege samanhengar, som til dømes

- mottakingar i kommunal regi
- middagar og andre tilstellingar der kommunen er vertskap
- innviing av offentlege anlegg når ordføraren står for innviinga
- opning av større møter, kongressar og liknande, der ordføraren representerer kommunen
- overrekking av utmerkingar
- besøk av kongelege gjester

b)

Kjede skal ikkje bli boren ved ordinære kommunestyremøte.

c)

Kjede skal berast og bli overrekt ved skifte av ordførar.

d)

Kjede skal bli boren utanpå pent og korrekt antrekk og skal normalt ikkje bli boren utanpå ytterkle.

e)

Kjede skal normalt ikkje bli boren saman med uniform.

f)

Kjede skal normalt ikkje bli boren saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, heidersteikn, utmerkingar ol. Dette gjeld også andre jakkeslagmerker eller anna som kan verke forstyrrende.

§ 3 Bruk av kjede i annan kommune

Det er ein uskriven regel at ein berre skal nytte kjede internt i eigen kommune. Skal kjede nyttast i ein anna kommune, blir dette som regel avtalt med den aktuelle kommunen på førehand.

§ 4 Oppbevaring, vedlikehald og transport

Sogndal kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom.

Sogndal kommune skal halde kjede på alle måtar i hevd, her under naturleg reinhald og vedlikehald. Når kjede ikkje er i bruk, skal det vere oppbevart i kjede sin koffert på ein trygg og sikra plass. På reiser skal det nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge plassar.

§ 5 Forsikring

Ordførarkjede skal vere forsikra.

§ 6 Forvaltning av kjede..

- a) Ordfører har ansvar for at reglementet for oppbevaring og bruk av ordførarkjede blir handheva.
- b) Skulle kjeda bli stolen, brannskada eller på anna måte vesentleg forringa, pliktar kommunen å stå for innkjøp av eit mest mogleg identisk kjede.
- c) Ved eventuelle endringar i kommunestrukturen skal Sogndal kommunestyre avgjere framtidig bruk og forvaltning av kjeda.